



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

## **Tildelingsbrev Meland kommune - tilretteleggingsmidlar vidarutdanning barnehage - hausten 2017**

Fylkesmannen overfører **kr 25 000,-** til Meland kommune, organisasjonsnummer 951549770, kontonummer 1503 18 83722 for vidaresending til barnehagar i samsvar med vedlagte brev.

Midlane skal utbetalast til barnehageeigarar som tilretteleggingsmidlar for vidareutdanning hausten 2017. Vi har dette året prioritert å gi tilskott til arbeidsplassbasert- og deltids barnehagelærerutdanning i Hordaland. Dei som har søkt tilskott til andre studiar, har ikkje fått tilskott i denne omgang. For studium som utgjer meir enn 30 studiepoeng blir det utbetalt kr. 25 000 pr. halvår. Satsen for studium med 15 studiepoeng er 12 500 kroner pr. halvår.

### **Kommunen som barnehagemyndigheit sine oppgåver**

Fylkesmannen utbetaler første halvdel av beløpet til kommunane hausten 2017. Kommunen overfører midlane til barnehagen der studenten er tilsett. Dette må ein gjere snarast slik at barnehagane får moglegheit til å bruke midlane i haust.

Barnehageeigar skal melde frå til kommunen som barnehagemyndigheit dersom den tilsette sluttar på studiet eller ikkje følgjer planlagt studieprogresjon.

### **Andre halvdel blir utbetalt våren 2018**

For å få utbetalt midlar våren 2018, må den tilsette studenten framleis delta på studiet og følgje studieprogresjonen. Kommunen skal gi beskjed til Fylkesmannen om eventuelle endringar.

### **Bruk av tilretteleggingsmidlar - Samarbeid om tilrettelegging**

Midlane er knytt til den enkelte tilsette sitt studium, og blir difor utbetalt til den barnehagen der den tilsette arbeider. Dersom studenten arbeider i fleire barnehagar må det avklarast lokalt korleis midlane skal fordelast.

Barnehageeigar og studenten må samarbeide om korleis midlane skal brukast.

Midlar skal gå til å dekke faktiske utlegg som den tilsette har hatt og kan dokumentere, og vil då ikkje vere skattepliktige eller utløyse arbeidsgjevaravgift. Dette er utgifter til reise,

opphald, semesteravgift, til studiemateriell til det aktuelle studiet, eller andre dokumenterte utgifter.

Som eigenandel i kvalitetsarbeidet bør eigar leggje opp til å gje den tilsette permisjon med løn med vikar etter avtale. Ein bør leggje til rette for permisjon med løn når den tilsette deltek på studiesamlingar og for lese- og eksamensdagar som ikkje inngår i barnehagen sitt permisjonsreglement. Det blir ikkje gitt ekstra tilskot for arbeidsgjevaravgift.

I utgangspunktet skal ikkje midlane utbetalast som stipend, då dette fører til skatteplikt for den tilsette. Dersom dette skal skje må *arbeidsgjevar og den tilsette* vert samde om dette, og den tilsette må orienterast om at det utløyser skatteplikt.

### **Andre vilkår**

Fylkesmannen kan kontrollere at midlane er brukt etter føresetnaden, jf §10 i Bevilgingsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane er brukt etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom eigarar ikkje har gitt rette opplysningar, eller har brukt midlane i strid med føresetnaden, kan Fylkesmannen krevje midlane tilbakebetalt.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Tildelingsbrev til barnehagar i kommunen